

Landbrukskonferansen for Vestland 2021

Scandic Voss, 15-16. september

Verdiar for framtida

Berekraft og nyskaping i vestlandslandbruket

Bli med på jakt etter gode løysingar, i kryssingspunktet mellom råstoff, teknologi og tankekraft.



Statsforvaltaren i Vestland



Vestland
fylkeskommune



Innovasjon
Norge

PROGRAM

Onsdag 15. september

11:00 *Oppmøte og registrering*

12:00 *Lunsj*

13:00 **Velkommen**

v/ elever frå Voss vidaregåande skule

13.15 **Berekraft og nyskaping i vestlandslandbruket**

Innovasjon Norge Vestland - Nina Broch Mathisen, Vestland fylkeskommune - Tor André Ljosland og Statsforvaltaren i Vestland - Gunnar O. Hæreid

13.30 **Den dyrebare jorda. Korleis utvikla god matjord og spreia forståing for vern og aktivisering av jord?**

Norsk Landbruksrådgiving - Arild Vonheim, Alver kommune - Laila Bjørge, Bjørnafjorden kommune - Øystein Svalheim

14.20 *Beinstrekk*

14.40 **Ressursar frå garden brukt på nye måtar**

• Frå avfall til verdi - Gjenbruk og ny bruk av biologiske ressursar

NIBIO - Gunnhild Jaastad

• Korleis kan Co2 frå garden og husdyrgjødsel bli til fôr?

Folvengaard AS

15.30 *Myldrepause med vått og tørt*

16.00 **Klima og innovasjon i kommunane**

Bioregion Institute

18.00 **Avslutning første dag**

20.00 *Felles middag*

Torsdag 16. september

9.00 Parallellsesjon A

A

A1 Gode innmarksbeite – krav og tiltak

Kva er krava i produksjonstilskotsordninga (PT), kva formidlar vi til bonden og når seier vi nei til areal for PT?

A2 Klimaplan i kommunen

Innhald og organisering av klimaplanarbeidet.

A3 Marknad for nye produkt

Marknadstilgang og direktesal. Døme: mjølkeforedling

9.45 *Beinstrekk*

09.55 Parallellsesjon B

B

B1 Driveplikt – korleis løfte det fram på ein positiv måte?

Kva kan kommunen og Statsforvaltaren gjere?

B2 Skog i vanskeleg terreng

Driftsteknikk som løyser ut tømmer på vanskelege areal. Søknader om bilvegar på høyring hos Statsforvaltaren.

B3 Offentleg støtte til nye produksjonar

Støtte i startfase og Innovasjon Norge som medspelar. Døme: marknadshage

10.40 *Pause med kaffi og utsjekk*

11.10 Parallellsesjon C

C

C1 Forureining frå landbruket

Ny vassforvaltingsplan 2022-2027. Kva gjer kommunen no?

C2 Planting etter hogst - korleis jobbe for binding av CO2 og nok tømmer i framtida?

Korleis arbeider kommunen med planting og kva motiverer skogeigaren?

C3 Rekruttering og kompetanse i landbruket

Korleis kan vi jobbe for at ungdom kjenner til moglegheitene i dei grøne næringar – om prosjektet Grøn utdanning i Vestland. Korleis leggje til rette for dei som tek over nye bruk?
Korleis kan vi sikre at landbruksnæringa i Vestland har den kompetansen dei treng?

12.00 *Lunsj*

13.00 Ny teknologi for meir miljøvennleg og økonomisk drift

Kva moglegheiter gjev presisjonslandbruk på Vestlandet?

NLR - Gunstein Dyrdal

Robotteknologi i grashaustinga – effekt på avling, førkvalitet og jordpakking.

NIBIO - Liv Østrem

Diskusjon

14.15 Landbrukspartnarskapen - kven er vi og korleis jobbar vi

Innovasjon Norge, Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland

14.30 Landbruket si rolle i distrikta. Kor mykje ansvar skal landbruket ta for landet si utvikling?

Victor D. Norman

15.00 Heimreise

Med atterhald om endringar.



Arild Vonheim er rådgjevar for lokal samfunnsutvikling i Stad kommune, med spesielt ansvar for samhandling mellom idrett, friluftsliv og næring. Han jobbar ofte med prosjekt og møteplassar for barn, unge og eldre. I år vart han prosjektleiar for eit nytt samskapingsprosjekt i Stad kommune, med eit delprosjekt om Urbant landbruk. Arild Vonheim er økonom i botnen, og ivrig tur-entusiast som samlar på «oppturar» til eit bokprosjekt.



Gunstein Dyrdal er maskinteknisk rådgjevar i Norsk Landbruksrådgiving Vest og har tidlegare erfaring frå landbruksmaskinbransjen og dermed følgd utviklinga i presisjonslandbruk i mange år. Arbeider med rådgiving til bønder innan maskinteknikk, med spesielt fokus på presisjonslandbruk. Er også sauebonde i liten skala, på ein gard på Os.



Gunnhild Jaastad er forskar på Nibio i Ullensvang. Nibio Ullensvang jobbar tett med eple- og siderproducentane i Hardanger. Jaastad forskar på skadedyr og ugras i skog-, jord- og hagebruk. Akkurat nå er ho oppteken av larvar og alt dei kan nyttast til.



Laila Bjørge er leiar av landbrukskontoret i nye Alver kommune. Ho har arbeidd med mange utviklingsprosjekt både som medarbeidar og leiar av landbrukskontor. Laila Bjørge er lokalpolitikar og driv sjølv gard. Ho er kjent for å vera engasjert og sjå løysingar til nytte for bygda, landbruket og bonden.



Liv Østrem er forskar på Nibio på Furuneset. Ho forskar på fôr og husdyr. Ho har spesielt jobba med frøblandingar for stabil grovfôrproduksjon, grovfôrprodukt som skal redusere metanutslippet frå drøvtyggarane og robotisert driftssystem for grovfôrhausting.



Øystein Svalheim er landbruksjef ved Bjørnafjorden landbrukskontor. Han er biolog med doktorgrad i plantehelse frå Universitetet i Tromsø. Han oppteken av krets- og ressursutnytting frå jord til bord. Landbrukskontoret dekkjer kommunane Bjørnafjorden, Tysnes og Samnanger, og har eit stort engasjement kring sjølvforsyning og tilrettelegging for brei deltaking. Kommunane er i gang med prosjektet 100 dagar sjølvforsynt.



Folvengaard AS – er eigd av Dag Hjelle og Rolf Olav Gjørven. Saman med nabo Rolf Olav Gjørven har Hjelle etablert selskapet Folvengaard AS. Rolf Olav Gjørven er mjølkebonde. Han har tatt over og driv heimgarden med 25 mjølkekyr på Folven i Hjelledalen i Stryn kommune.



Victor Norman, professor emeritus ved NHH, er ein av Noregs mest markante samfunnsøkonomar. Både nasjonalt og internasjonalt har han gjeve viktige bidrag til forståing av økonomi og handel. Han var arbeids- og administrasjonsminister i Bondevik II regjeringa og har hatt ei rekkje verv i offentlege råd og utval. Sist som leiar i Distriktsdemografiutvalet som leverte sin rapport 2020. Han er no også styreleiar for NIBIO. Norman er ein svært aktiv formidlar og samfunnsdebattant.

**BIO
REGION
INSTITUTT**

Bioregion Institutt er eit tverrfagleg forskingslaboratorium med base i Bergen. Basert og design drive av eit felles mål om å gje avfall verdi. I samarbeid med europeiske næringer og regional kartlegg dei biomasse-ressursar, utviklar regenererande materialar, produkt og regionale tenester i sirkulære verdikjeder.